



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Nadine Gutte-Preusse	FE-230, FA-G10	20/494

Saksnr	Utval	Type	Dato
021/20	Eldrerådet	PS	03.11.2020
104/20	Formannskapet	PS	24.11.2020
102/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Justering av satsar for matombringning 2021 Kommunebudsjett 2021

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Tenesta er ikkje lovpålagt, men vert vurdert ut frå søkjaren sine behov for helse- og omsorgstenester etter Lov om helse- og omsorgstjenester i kommunen § 3-1 og § 3-2. Føremålet med tenesta er å gi eldre, funksjonshemma og andre grupper tilgang til varm og næringsrik mat som eit førebyggjande helsetiltak. Maten vert laga på institusjonskjøkken ved Fedje sjukeheim og direkte tilkøyrd til heimen til brukarane. Ein kan tinga middag alle vekedagar og på heilagdag, utanom laurdagar.

Vurdering

Både årleg lønsutvikling og ein auke i konsumindeks påverkar kostnadane for innkjøp av råvarane, matlaging og levering. Pr. i dag kostar eit fullt måltid med dessert inkludert heimkøyring kr.98. Eit halvt måltid med dessert kostar kr.49, eit fullt måltid utan dessert kr.68 og eit halvt måltid utan dessert kr.34.

Folkehelse: Statistisk sett lever vi lengre og er friskare jo lengre utdanning og høgare inntekt vi har. Sosial forskjell i helse dannar såleis mønster av ein helsegradient gjennom heile folkesetnaden. Ein auke i satsen for matombringning vil difor belasta låginnteksthushald forholdsvis sterkare enn hushald med høgare inntekt. For å påverke helsegradienten og såleis å fremja folkehelsa ville det vore naudsynt med graderte batalingssatsar, slik at låginnteksthushald betalar mindre enn hushald med høgare inntekt.

Miljø

Økonomi: Satsen bør justerast i tråd med framtidig prisauke og lønsvekst.

Konklusjon

Satsane bør aukast som følgjande:

Fullt måltid med dessert	frå kr.98	til kr.101
Fullt måltid utan dessert	frå kr.68	til kr.86
Halvt måltid med dessert	frå kr.49	til kr.51
Halvt måltid utan dessert	frå kr.34	til kr.36
Dessert		til kr.15

Forslag til vedtak:



Fedje kommune

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2021 som følgjande:

Fullt måltid med dessert	kr.101
Fullt måltid utan dessert	kr.86
Halvt måltid med dessert	kr.51
Halvt måltid utan dessert	kr.36
Dessert	kr.15

Eldrerådet - 021/20

ELD - behandling:

ELD - vedtak:

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2021 som følgjande:

Fullt måltid med dessert	kr.101
Fullt måltid utan dessert	kr.86
Halvt måltid med dessert	kr.51
Halvt måltid utan dessert	kr.36
Dessert	kr.15

Samrøystes vedteke.

Formannskapet - 104/20

F - behandling:

F - vedtak:

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2021 som følgjande:

Fullt måltid med dessert	kr.101
Fullt måltid utan dessert	kr.86
Halvt måltid med dessert	kr.51
Halvt måltid utan dessert	kr.36
Dessert	kr.15

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 102/20

K - behandling:



Fedje kommune

K - vedtak:

Satsane for matombringning vert oppjustert med verknad frå 01.01.2021 som følgjande:

Fullt måltid med dessert	kr.101
Fullt måltid utan dessert	kr.86
Halvt måltid med dessert	kr.51
Halvt måltid utan dessert	kr.36
Dessert	kr.15

Samrøystes vedteke.